

Innkalling

Utval: Sykkylven kontrollutval
Møtestad: Sykkylven rådhus
Dato: 12.11.2025
Tidspunkt: 13:30

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

PS 24/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 25/25 Orienteringar
OS 03/25 Orientering om beredskap på vassforsyninga i Sykkylven kommune
PS 26/25 Bestilling av prosjektplan for forvaltningsrevisjon 2026
PS 27/25 Møteplan 2026 Sykkylven kontrollutval
PS 28/25 Meldingar og skriv
MS 15/25 Fagkonferansar for kontrollutval i 2026
MS 16/25 Kommunestyret sitt vedtak - forvaltningsrevisjon 2025 personalressursforvaltning
MS 17/25 Eigarmøte i selskap

Ålesund, 05.11.2025

Leonhard Vårdal
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 24/25	Sykkylven kontrollutval	12.11.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Sykkylven kontrollutval - 10.09.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 25/25	Sykkylven kontrollutval	12.11.2025

Orienteringar

Underliggende saker

03/25 Orientering om beredskap på vassforsyninga i Sykkylven kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Saksframlegg

Saksnr. OS 03/25
Utval Sykkylven kontrollutval

Møtedato
12.11.2025

Orientering om beredskap på vassforsyninga i Sykkylven kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Bakgrunn:

Kommunedirektøren er beden om å gje kontrollutvalet ei orientering om Sykkylven kommune sine beredskapsplaner for å sikre vassforsyning i kommunen.

Bakteppet for dette er at det i seinare tid har vore nokre utfordringar i delar av kommunen, samt at det no er eit sterkare fokus på beredskap generelt i samfunnet.

Vedlegg

Orientering til kontrollutvalet om vassforsyning i Sykkylven kommune

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 26/25	Sykkylven kontrollutval	12.11.2025

Bestilling av prosjektplan for forvaltningsrevisjon 2026 Sykkylven kommune

Sekretariatet si innstilling:

Sykkylven kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein forvaltningsrevisjon innan barnevern i Sykkylven kommune.

Bestillinga går til Møre og Romsdal Revisjon SA, og vi ber om at dei legg fram ein prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet.

Problemstillingane må lagast ut frå dei momenta som kom fram i møtet.

Prosjektplanen skal innehalde:

- bakgrunn og føremål
- problemstillingar
- revisjonskriterie og metode
- tidsplan
- forventa ressursbruk

Prosjektplanen sendast sekretariatet seinast 14 dagar før møtet, dvs. seinast 21. januar 2026.

Bakgrunnsinformasjon:

Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. Det er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

I kommunelova § 23-3 første ledd blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Sykkylven kommunestyre har vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon for 2024-2027, med følgende prioriterte fokusområde:

1. Personalressursforvaltning
2. Barnevern
3. Økonomistyring

Personalressursforvaltning vart gjennomført i 2025.

Vurdering:

Kontrollutvalet må først ta stilling til om det er ein forvaltningsrevisjon eller ein eigarskapskontroll de vil bestille no. I Sykkylven kontrollutval sitt forslag til budsjetttramme for kontrollarbeid 2026, er det sett av ressursar til enten ein forvaltningsrevisjon eller ein eigarskapskontroll i året.

I Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 er det lagt som føresetnad at eigarskapsmeldinga skal vedtakast før ein gjer eigarskapskontrollen. Derfor tilrår sekretariatet at eigarskapskontroll ikkje vert prioritert no, men at kontrollutvalet heller set i bestilling ein forvaltningsrevisjon.

I Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 er det området barnevern som står for tur. Kontrollutvalet har fått mynde til å endre denne prioriteringa, på bakgrunn av endra risiko eller ny vurdering av kva som er vesentleg.

Kontrollutvalet bør drøfte om dei vil stå ved prioriteringa eller om der er andre områder som det er gode grunnar for at ein heller bør sjå på.

Slik kontrollutvalsekretæren ser det så er det ikkje kjent noko som tilseier at det er endring i risiko og vesentlegheit. Derfor er rådet frå sekretariatet at kontrollutvalet bestiller neste revisjon i tråd med planen.

Grunnlaget for val av dette område i risiko- og vesentleganalyse, finn ein omtalt på sidene 46-49 i rapporten. Og i Plan for forvaltningsrevisjon står det at aktuelle tema for forvaltningsrevisjonen innan området barnevern kan vere:

- Samhandling og tverrfagleg innsats
- Barn sin rett til medverknad
- Forvaltningspraksis
- Rekruttering og kompetanseutvikling

Eit nna tema som har vore mykje framme i nasjonalt i det siste, er handtering og oppfølging når barnevernstilsette og fosterforeldre vert utsett for vald og trusler.

Kontrollutvalet bør drøfte og prioritere/velgje ut kva vinkling utvalet ynskjer å sjå nærare på, og gjere nokre avgrensingar. Utvalet bør ha i tankane kva som vil ha størst verdi for kommunestyret og for kommunen sitt forbetningsarbeid innan dette området.

Barnevernet i Sykkylven har tidlegare i år lagt fram for kommunestyret ein tilstandsrapport for 2024, denne vert lagt ved som vedlegg her.

No i bestillerfasa er det ganske ope, og kontrollutvalet kan legge premissane og retninga for sjølve forvaltningsrevisjonen. Det vil derfor vere særskilt nyttig for den som skal lage prosjektplanen om kontrollutvalet kjem med innspel og kan gjere bestillinga tydeleg. Forvaltningsrevisor vil vere til stades i møtet.

På grunnlag av kontrollutvalet si behandling i møtet, vil så kontrollutvalsekretariatet bestille ein prosjektplan hjå Møre og Romsdal revisjon SA. Prosjektplanen skal ha med bakgrunn, føremål, problemstillingar, revisjonskriterium, metode og tids- og ressursbruk.

Prosjektplanen vil bli lagt fram til for kontrollutvalet på første møte i 2026. Då vert det viktig at kontrollutval og forvaltningsrevisor får ei felles forståing av problemstillingane og premissane, før forvaltningsrevisorane begynner arbeidet med sjølve revisjonen.

Vedlegg

Vedteken Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 Sykkylven kommune

Rapport frå risiko- og vesentlegvurdering 2024

Tilstandsrapport barneverntenesta 2024 Sykkylven

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 27/25	Sykkylven kontrollutval	12.11.2025

Møteplan 2026 Sykkylven kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Møteplan for Sykkylven kontrollutval i 2026:

1. møtet: 4. februar
2. møtet: 29. april
3. møtet: 10. juni
4. møtet: 16. september
5. møtet: 4. november

Bakgrunn:

Kontrollutvalet er eit folkevald organ og skal gjennomføre sine møter i tråd med kapittel 11 i KommuneLOVA: Saksbehandling i folkevalde organ, om ikkje anna særlovgiving for kontrollutval seier noko anna.

Det betyr mellom anna at

- Kontrollutvalet skal behandle sine saker og treffe vedtak i møte.
- Kontrollutvalet sine møter er opne for alle og saksdokumentarar er offentlege
- Eit folkevald organ gjennomfører møte etter fastsett møteplan
- Utover dette kan ein gjennomføre møte i folkevalde organ om:
 - Organet sjølv eller kommunestyret vedtek det
 - Leiar av organet meiner at det er naudsynt
 - Minst ein tredel av medlemmane i organet krev det

Den som er valt medlem av eit folkevald organ, pliktar å delta i organet sine møter, med mindre det føreligg gyldig forfall. Med gyldig forfall er å forstå sjukdom eller andre hindringar som gjer det umogleg eller uforholdsmessig byrdefullt å møte. Som til dømes at ein må forsøme viktige og uopprettelige forretningar eller plikter, slik som møter i andre offentlege organer, eksamen, o.l.

Gyldig forfall kan også gjelde reise som det vil være urimeleg vanskeleg, praktisk eller tidsmessig å avbryte.

Forfall må, så snart situasjonen oppstår, bli varsla til kontrollutvalsekretariatet slik at varamedlem i rett rekkjefølgje kan kallast inn.

Vurdering:

Kontrollutvalet bør ha tilstrekkeleg med møter, slik at kontrollutvalet kan utføre og følgje opp dei oppgåver som er naudsynt for å sikre forsvarleg kontroll.

Kontrollutvalet bør planlegge sine møter slik at det ikkje går for lang tid frå eit møte til det neste, då vil gjerne sakene kunne miste sin aktualitet.

Kontrollutvalet har faste oppgåver gjennom året, som gjer det naturleg at utvalet har eit minimum av møte. I Sykkylven har kontrollutvalet som regel hatt fem møter gjennom året. Nokre få gonger har ein hatt behov for eit ekstra møte, t.d. i samband med uttale til årsrekneskapet.

I sekretariatet si tilråding til møteplan så har vi prøvd å ta omsyn til:

- tidspunkt for godkjenning av utvalet si årsmelding
- tidspunkt for rapportering frå rekneskapsrevisjon
- frist for uttale til revisjonsmelding, årsrekneskap og årsmelding
- tidspunkt for tilråding til budsjettramme for kontrollarbeidet

Sekretariatet må samordne møtedatoane for dei sju kommunane vi er sekretariat for, og vi tek omsyn til dette når vi føresler datoar.

Det å ha ein møteplan sikrar at møteavviklinga er føreseieleg, og det gjer at innbyggjarar, media og andre folkevalde lettare kan følgje arbeidet til kontrollutvalet.

Sykkylven kontrollutval har så langt det let seg gjere, hatt møta i formannskapssalen på Sykkylven rådhus, med møtestart kl 13.30.

Møteplanen vert kunngjort på kontrollutvalet si heimeside www.kontrollutval.no/sykkylven og bør kome fram av på kommunen si heimeside i den ordinære møtekalendaren for folkevalde organ.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 28/25	Sykkylven kontrollutval	12.11.2025

Meldingar og skriv

Underliggende saker

15/25	Fagkonferansar for kontrollutval i 2026
16/25	Kommunestyret sitt vedtak - forvaltningsrevisjon 2025 personalressursforvaltning
17/25	Eigarmøte i selskap

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 15/25	Sykkylven kontrollutval	12.11.2025

Fagkonferansar for kontrollutval i 2026

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Som kjent er det to fagkonferansar som er aktuelle for kontrollutvalet å delta på og som det er lagt inn midlar til i forslaget til budsjetttramme for kontrollarbeidet.

Det er:

- Kontrollutvalskonferansen i regi av NKRF, som er 27.-28. januar 2026, påmeldingsfrist 18. desember.

Fagkonferansen for kontrollutval i regi av Forum for kontroll og tilsyn FKT, som er 2.-3. juni 2026, med årsmøte ettermiddag 27.1. Påmeldingsfrist ikkje kjent.

Program og meir informasjon finn de på **nkrf.no** og **fkt.no**

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 16/25	Sykkylven kontrollutval	12.11.2025

Kommunestyret sitt vedtak - forvaltningsrevisjon 2025 personalressursforvaltning Sykkylven kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Rapport etter forvaltningsrevisjon personalressursforvaltning er no behandla i kommunestyret.

Vedlagt er kommunestyret sitt vedtak, som samsvarar med kontrollutvalet si tilråding.

Vedlegg

Vedtak i Forvaltningsrevisjon 2025 - personalforvaltning

Saksframlegg

Saksnr. MS 17/25
Utval Sykkylven kontrollutval

Møtedato
12.11.2025

Eigarmøte i selskap Sykkylven kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet skal halde seg informert om dei selskapa som kommunen har eigarinteresser i. Det er nyttig for kontrollutvalet å vere kjent med eigarmøter/årsmøter i desse selskapa. Både når det skal vere slike møter og ved å lese protokollane når møta er haldne.

Vedlagt er sakspapir og protokoll frå årsmøtet 06.06.2025 Møre og Romsdal Revisjon SA, protokollen kom til sekretariatet 30.10.2025.

Og protokoll frå generalforsamling 28.10.2025 Attvin AS, protokollen kom til sekretariatet 04.11.2025.

Vedlegg

Protokoll årsmøtet 06.06.2025 - Møre og Romsdal Revisjon SA

Møteinnkalling eigarmøte 06.06.2025 og årsmøte 2024 Møre og Romsdal Revisjon SA

Årsregnskap 2024 - Møre og Romsdal Revisjon SA